
Saksnr: 2020/776-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Evaluering av omlegging av fv 567 gjennom Hosanger**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren til første møte i utvalet etter sumarferien 2021
2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet innan 31.08.2021.

Samandrag

Kontrollutvalet har handsama fleire gonger sak om at det ikkje er gjort evaluering av omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger. Denne saka er ei vidare oppfølging av saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Statusmelding til kontrollutvalet per desember 2020 - Fv. 567 Hosanger sentrum

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med handsaming av «RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2019 vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orientere til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.»

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet saka i møta 12.06.2019, 02.09.2019 og 25.11.2019, der det i siste møte vart protokollert dette:

«Konst. fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, Ingrid Holm Svendsen, prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, fylkesdirektør samferdsel, Håkon Rasmussen, frå samferdselsavdelinga, Jon Martin Jakobsen, frå Statens vegvesen, Grete Vikane, og frå Statens vegvesen, Siri Kropelin Bernås orienterte om sitt syn på evalueringa av omlegging av fv. 567 gjennom Hosanger og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Fylkesrådmann Rune Haugsdal konkluderte med at dei vil rette opp det som kan karakteriserast som manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta det er stilt spørsmål ved. Det kom også fram at ein ser at prosjektstyringa på dette vegprosjekt, og andre vegprosjekt ikkje har vore god nok, jf. forvaltningsrevisjon Hordaland fylkeskommune - Planlegging av investeringar frå 2016.

Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

- 1. Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, til første møte i 2020 i det nye kontrollutvalet, sender til utvalet ei skriftleg vurdering når det gjeld manglar i høve inngåtte kontraktar for dei 19 punkta som det er stilt spørsmål ved.*
- 2. Det vert oppmoda om at det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.*
- 3. Informasjonen vart elles teken til orientering.»*

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har handsama oppfølging av denne saka 3 gonger tidlegare, siste gong i møte 12.10.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har merka seg at denne saka har teke uforholdsmessig lang tid utan at ein har klart å få til ei løysing, jf. at saka starta opp i mai 2019.*
- 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen koma med ny skriftleg statusrapportering når det gjeld vidare oppfølging av det som gjeld gråsteinsmuren, til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 14.12.2020. Av notatet går det fram at det no er invitert til å legge inn tilbod på å få utført arbeidet med gråsteinsmuren. Frist for levering av tilbod er sett til medio januar 2021 og frist for ferdigstilling av arbeidet er i løpet av mai 2021. Kontrollutvalet bør på bakgrunn av dette be om ny skriftleg tilbakemelding til første møte i utvalet etter sumarferien 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 31.08.2021.

Konklusjon

Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på denne saka til siste møte i utvalet etter sumarferien 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 31.08.2021.